

Rapportering frå generalforsamlinga på Fjord Invest Såkorn 2014

1. Namn på selskapet: **Fjord Invest Såkorn**
2. Kven møtte på generalforsamling på vegne av fylkeskommunen: **Vararepresentant: Fylkesvaraordførar Jenny Følling**
3. Referere viktige saker / hendingar / planar for selskapet som det vart orientert om:
 - a. Inneverande år: **Det vart orientert grundig om utviklinga i selskapa som Fjord Invest har engasjert seg i. Mitt inntrykk er at selskapa blei godt oppfølge.**
 - b. For komande år: **Det er ei utfordring å gå ut av selskapa med gevinst som gjev påfyll til kapitalen til Fjord Invest. Det er viktig med rett exit-strategi. Det vart orientert om planer og drøftingar kring å få etablert eit presåkornfond. Dette bør drøftast i fylkeskommunen.**
4. Kommenter hovudtrekka i årsrekneskap og årsmelding. Viss selskapet sin revisor har gitt ei revisjonsmelding med avvik frå normalmeldinga skal selskapet sine kommentarar og eventuelle tiltak i høve dette rapporterast. Opplys om selskapet har ein god og sunn økonomi eller om det er faktorar her som kan få konsekvensar for fylkeskommunen som eigar: **Selskapet har tilfredstillande økonomi. Revisjonsmeldinga er utan merknader.**
5. Gje ei vurdering av om selskapet: **Selskapet har tilfredsstillande drift. Fjord Invest er ein viktig reiskap for bedrifter som skal utvikle vekstkraft. Det krev ein viss tidshorisont på Fjord Invest sitt engasjement. Det er viktig å utvikle rett exit-strategi slik at verdiar kan realiserast til nye engasjement. Det må følgjast med på utviklinga i investeringskapital i selskapet framover.**
6. Gje ei vurdering av om målet for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskapet, her under om omtale i eigarmeldinga framleis er gjeldande: **Dei driv etter selskapet sitt formål.**
7. Gje ei vurdering av om fylkeskommunalt eigarskap framleis er føremålstenleg: **Det er tenleg å halde fram eigarskap i Fjord Invest.**
8. Gje ei vurdering av korleis styringssignal gjeve av fylkesutvalet vart teken i mot av selskapet: **Selskapet er lydhøyre for styringssignal**
9. Gje ei vurdering av om det har det skjedd endringar i høve til selskapet som gjer det naudsynt med endringar på kven som er fylkeskommunen sin utsending / vararepresentant: **Ingen slike endringar**
10. Gje ei oppdatering på selskapet sitt etiske regelverk og implementeringa av desse. Regelverket skal konkretisere selskapet sitt samfunnsansvar og etiske retningslinjer, slik som t.d. korleis selskapet skal bidra positivt til samfunnet og kva retningslinjer selskapet har for høvet til kundar, leverandørar og konkurrentar. Selskapa vil få sendt ut eigarmelding 2012 i februar 2013, kor ein eksplisitt syner til punkt 4 og dei krava fylkeskommunen stiller til selskapa der: **Ikkje opplyst/etterspurt**
11. Følgjande skal leggjast ved rapporten:
 - a. Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir
 - b. Protokoll frå generalforsamling viss det er motteke

Jenny Følling
Fylkesvaraordførar
47905990